



Manger Idrettslag - Bocciastyret
Tanje R Smeding

Referansar:
Dykkar:
Vår: 16/998 - 16/9016

Saksbehandlar:
Monika Soltveit Gabrielli
monika.gabrielli@radoy.kommune.no

Dato:
04.07.2016

Ønskjer å leige Radøyhallen 16/17

Syner til dykkar søknad datert 21.juni. Det er eit kjempeflott tilbod de har.

Radøy kommune og Radøy idrettsråd tildeler kvart år halltid i møte på bakgrunn av søknad om halltid. Dette møtet vart i år halde den 16. juni. Søknadar som kjem inn etter den tid vert sjølv sagt også handsama, og søknaden dykkar vart sendt vidare til leiar for idrettsrådet slik at begge partar er orienterte og kan medverka til å finna ei løysing.

Ettermiddag/kveld måndagar er tildelt Radøy/Manger fotballklubb, frå dei startar innetreningar i oktober/november og til dei flyttar ut igjen i februar/mars. Dei leiger då heile hallen, og i utgangspunktet er hallen då opptatt frå kl. 17.00 måndagar i nemnde periode.

I tillegg har Manger folkehøgskule søkt om same tid, og dei har fått melding om å finna anna tidspunkt. Dette treng ikkje påverka dykk, men eg nemner det for å gjera det forståeleg kvifor me evt. nemner folkehøgskulen i seinare dialogar.

Eg ser at de er bundne til tida, og at tidleg måndag dermed er einaste tidspunktet som passar. Kanskje det kan vera ei løysing å byrja ennå tidlegare måndagane? Ungdomsskulen nyttar hallen fram til kl. 14.15 kvar kvardag. Eg vil tru at fotballklubben ikkje kjem til å ha treningar før klokka 17.00. Kontaktpersonen i RMFK er Trond Helland, tehellan@gmail.com, i tilfelle de vil gjera avklaringar direkte.

Med helsing

Monika Soltveit Gabrielli
konsulent kultur- og sørvistorget

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



RADØY
den grønne øya

Mottakrar:

Manger Idrettslag - Bocciastyret